

Kvam bowlingklubb

Postboks 126
5604 Øystese



Referat frå årsmøte 21. mai 2008

SAKLISTE

1. Val av ordstyrar
2. Val av referent
3. Godkjenning av innkalling
4. Godkjenning av frammøtte representantar
5. [Årsmelding](#)
6. [Årsrekneskap](#)
7. Innkomne forslag
 - Kontigentauke
 - Auke av medlemspris samt utviding og endring av treningstidspunkt
 - Reisestøtte ved lokalligaspel
8. Val

Møtestart: Onsdag 21. mai 2008 kl. 18.00
Møtestad: Hardangersenteret, Øystese
Frammøte: 10 medlemmer
Møteslutt: 19.40

1. VAL AV ORDSTYRAR

- VEDTAK: Svein Inge Henriksen

2. VAL AV REFERENT

- VEDTAK: Frank Tangen

3. GODKJENNING AV INNKALLING

- VEDTAK: Innkallinga vart godkjent!

Kommentar:

- Innkallinga burde og ha hengt i hallen.

4. GODKJENNING AV FRAMMØTTE REPRESENTANTAR.

- VEDTAK: Årsmøtet er vedtaksdyktig.

5. [ÅRSMELDING](#)

Svein Inge Henriksen gjekk gjennom årsmeldinga.

- VEDTAK: Årsmeldinga vart godkjent.

6. [ÅRSREKNESKAP](#)

Frank Tangen gjekk gjennom årsrekneskapet.

- VEDTAK: Rekneskapet vart godkjent!

7. INNKOMNE FORSLAG

- Kontigentauke

Det kom inn forslag om auke av medlemskontigenten (i dag kr. 350 for vaksne og 200 for junior) for å dekke kostnaden med medlemsskjorte. Etter ein runde rundt bordet der det mellom anna vart presisert at klubbkjorta berre fulgte med ved førstegongs betaling av medlemskap, vart det røysta over forslaget.

- VEDTAK: Forslaget om medlemsauke vart forkasta av eit samla årsmøte.

- Auke av medlemspris samt utviding og endring av treningstidspunkt.

Kvam bowlingklubb

Postboks 126
5604 Øystese

Forslag om å auke medlemsprisen for klubbtreninga frå kr. 50 til kr. 100,-. samt nye treningstider:
Onsdagar frå kl. 16 til kl. 18 samt søndagar frå kl. 20 til kl. 22.

- VEDTAK: Nye treningstider vert onsdagar mellom kl. 16 og 18 samt søndagar mellom kl. 20 og 22. Pris pr. treningskveld vert kr. 100,-

- Reisestøtte ved lokalligaspel

Praksis ved lokalligaspel er at dei som er passasjerar betalar spelaravgifta for sjåføren. Dette dekker ikkje dei reelle kostnadane for sjåføren. Difor foreslår ein for årsmøtet at klubben sponsar sjåføren ved lokalligaspel med kr. 100,-.

- VEDTAK: Den som køyrer til bortekampane i lokalligaen får kr. 100 i reisestøtte frå klubben

8. VAL

Dei som stod på val var:

- Nestleiar Nils-Otto Yndestad
- Ungdomskontakt/styremeldem Anne-Marie Nordbø
- Seniorkontakt Brynhild Kvamsøy
- Valnemnda (3 stk)

Innstilling frå valnemnd:

- Nils-Otto Yndestad vert valgt for 2 nye år
- Anne-Marie Nordbø vert valgt for 2 nye år

- Lars Froestad foreslått som ny seniorkontakt for 2 år

Forslag til ny valnemnd:

- Helge Lønning
- Even Tjosaas
- Tore Tellevik

Valnemnda konstituerer seg sjølve og melder frå til styret snarast mogeleg.

- VEDTAK: Alle forslag vart einstemmig vedteke!

Frank Tangen (skrivar)

Dato: 21.05.2008